

Oppdragsgjevar: **Elvepurka AS**

Oppdragsnr.: **52402456** Dokumentnr.: **001**

**Til:** Andy Cullens  
**Frå:** Cornelis Erstad  
**Dato** 2024-11-15

## ► **KU-vurdering utvida planområde DR-plan ZipLine Jostedalen**

### **Innleiing**

I samsvar med forskrift om konsekvensutgreiingar av juni 2017, § 4 skal framleggsstillar til ein reguleringsplan sjølv vurdere om planen fell innanfor forskrifta sitt saklege verkeområde, omtalt i §§ 6, 7 og 8 i forskrifta. På bakgrunn av opplysningane gjeve av framleggsstillar skal ansvarleg mynde (Luster kommune) ta stilling til om planarbeidet fell innanfor verkeområdet til forskrifta. Konklusjonen til ansvarleg mynde skal grunngjevast.

Framleggsstillar for dette planarbeidet er Elvepurka AS. Vurderinga er utarbeidd av Norconsult AS for framleggsstillar.

### **Planområdet og tiltaka planen skal leggje til rette for**

Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for ZipLine langs Jostedalen, Luster kommune. Eit ZipLine anlegg vil som utgangspunkt ha eit svært avgrensa fotavtrykk. Sjølve linja vert spent opp mellom to stasjonar, som i prinsippet består av tre pelar som vert forankra i bakken og kvarandre. Fotavtrykket for stasjonen er slik avgrensa til pelane, og terrenginngrepet er lett reversibelt ved ev. avvikling av anlegget.

Einskilde stader kan terrenget vere så utfordrande at det kan vere trong for å etablere ein plattform under stasjonen, for å leggje til rette for av- og påstiging. Ein slik stasjon kan typisk ha ei flate på 9 m<sup>2</sup>, forankra i bakken med 9 pelar. Også for ein slik plattform vil fotavtrykket vere avgrensa til pelane, og terrenginngrepet vil vere lett reversibelt ved ev. avvikling av anlegget.

Ferdsl oppover i sjølve ZipLine-traseen vert gjort med elektrisk driven trinse som kvar deltakar berer på ryggen til og frå anlegget. Ferdsl nedover traseen vert styrt av Newtons lov om tyngdekraft. Difor vil det truleg vere trafikk frå parkeringsplass fram til start og slutt av anlegget som vil ha potensial for størst påverknad på terrenget. Det er lagt til grunn at det skal gjennomførast guida turar i anlegget, med inntil 18 personar fordelt på 3 guidar. Altså inntil 21 personar totalt.

Fortrinnsvis er det også ønskje om opparbeiding av parkeringsplass på austsida av Fv. 604. Det er gjeve avkørsleløyve til dette. Alternativet er å leggje til rette for parkering ved Breheimsenteret, med ein transportetappe til fots på vel 1 km fram til anlegget.

Løysingar vil gjelde både for anleggs- og driftsfase. Løysingar for ev. naudsynte omsyn til naturfare, naturmangfald, naturtypar, friluftsliv og kulturminne skal også vere del av reguleringsplanen.

Planområdet ligg langs elva Jostedøla, sør for Breheimsenteret og nord for bygda Gjerde. Ved oppstart er planområdet på tilnærma 60 daa. Plankart kan utformast på 3 nivå. Under bakken, på bakken og over bakken. Ved planoppstart er det lagt til grunn å regulere storparten av anlegget over bakken.

Oppdragsgiver: Elvepurka AS  
Oppdragsnr.: 52402456 Dokumentnr. 001



Figur 1 Lokalisering av ZipLine-anlegget (Kartgrunnlag: Fylkesatlas).

## Tilhøve til planar

I arealdel til kommuneplanen er det aktuelle arealet avsett til LNF-område. Kommunen er i gang med ny arealdel til kommuneplanen, der kommunen har signalisert at ein ønskjer å legge til rette for turistretta verksemd (ZipLine) på dette arealet.

Planområdet er ikkje regulert.

## Planframlegget og verkeområde til forskrifta om KU

Forskrifta om konsekvensutgreiingar skil mellom planar og tiltak som alltid skal konsekvensutgreiast (§ 6), og planar og tiltak som skal vurderast nærmare (§ 8). Tiltak etter § 6 skal alltid utgreiast. Det er i tillegg krav om planprogram. Tiltak etter § 8 skal konsekvensutgreiast dersom planen eller tiltak som planen legg til rette for kjem i konflikt med eit eller fleire av kriteri i § 10 i forskrifta. Det er ikkje krav om planprogram for planar som fell innanfor verkeområdet til § 10 i forskrifta om konsekvensutgreiingar.

Vedlegg I femnar om både nye tiltak og utviding av eksisterande. Ein gjennomgang av tiltakslista i vedlegg I avdekkjer ikkje at tiltaka i reguleringsplanen fell innanfor verkeområdet til § 6 i forskrifta.

Oppdragsgiver: Elvepurka AS  
Oppdragsnr.: 52402456 Dokumentnr. 001

Vedlegg II femnar om både nye tiltak og utviding av eksisterande. Planen legg til rette for tiltak som kan tolkast å falle innanfor vedlegg II:

- Nr. 12 a) Hoppbakker, skianlegg og skiheiser, taubaner og tilknytt utbygging.

Med bakgrunn i rettleiingsmaterialet er det vurdert tiltaka som er omtalt i pkt. 12 a) gjeld anlegg med eit vesentleg større fotavtrykk og langt meir omfattande infrastruktur, enn det som vil vere tilfellet for ZipLine-anlegget i dette planarbeidet.

På nettsidene til Jernbanetilsynet går det også fram at ZipLine vert rekna som fornøyelsesinnretning, og ikkje sorterer under eigen kategori for taubane.

Difor er det vurdert at tiltaka i reguleringsplanen ikkje fell innanfor verkeområdet til § 8 i forskrifta.

## Konklusjon

Etablering av eit ZipLine-anlegg innanfor planområdet fell ikkje innanfor verkeområdet til forskrifta.

Vår samla vurdering vert ut frå ovannemnde, at planområdet er eit område der dei særskilde utgreiings- og handsamingsreglane for konsekvensutgreiingar ikkje gjer seg gjeldande.

Det utelukkar ikkje at Luster kommune, Statsforvaltaren i Vestland eller andre mynde kan stille bestemte krav til forslagsstillar om utgreiing osb. for å få saka tilstrekkeleg opplyst før den vert lagt fram til handsaming.

J03	2024-11-15	Revidert for utviding av planområde	CorErs		
J02	2024-05-29	For bruk	CorErs		
A01	2024-05-29	For intern bruk	CorErs	JoHM	CorErs
Versjon	Dato	Omtale	Utarbeidd	Fagkontrollert	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeidd av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrar Norconsult AS. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram i oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.